



Arkivnr: 2014/13171-6

Saksbehandlar: Eva Katrine Ritland Taule

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------------------|--------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet | 21/15 | 12.02.2015 |
| Fylkesutvalet | 55/15 | 18.02.2015 |
| Valnemnda | | 10.03.2015 |
| Fylkestinget | | 10.03.2015 |

Regional plan for Nordfjella - Handlingsprogram 2015 - 2018

Samandrag

Fylkestinga i Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane vedtok Regional plan for Nordfjella i juni 2014. I brev datert 18.08.2014 tok Kommunal- og moderniseringsdepartementet planen til orientering.

For å setje i verk intensjonane i planen, vert eit oppfølgjande felles handlingsprogram lagt fram for dei tre fylkestinga. Dette inneber vidare konkretisering av tiltak som er ein del av sjølve planen.

Etablering av Nordfjellarådet og oppnemning av medlem og varamedlem til rådet er eit viktig grep i oppfølging av planen.

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget i Hordaland vedtar Handlingsprogram 2015-2018 – Regional plan for Nordfjella, datert 18.12.2014.
2. Nordfjellarådet vert etablert så snart som praktisk mogleg og i samsvar med skildringa i tiltak 1 i handlingsprogrammet. Hordaland fylkeskommune oppnemnar
 - a) XX som medlem
 - b) XX som varamedlem
3. Buskerud fylkeskommune får inntil anna er bestemt ansvar for sekretariat. Årlege kostnader for dette vert delt likt mellom fylkeskommunane.
4. Attståande midlar frå planprosjektet vert disponert slik handlingsprogrammet legg opp til.
5. Handlingsprogrammet skal rullerast årleg, første gang i 2016.
6. Vedtaket vert gjort med føresetnad om at dei to andre fylka gjer likelydande vedtak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Handlingsprogram 2015-2018, datert 20.01.2015

Fylkesrådmannen, 16.01.2015

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunane i Buskerud, Hordaland og Sogn og Fjordane har, med utgangspunkt i bestillingsbrev frå Miljøverndepartementet 12.april 2007, utarbeida ein felles regional plan for Nordfjella. Planen vart slutthandsama med like vedtak i dei tre fylkestinga i juni 2014. Planen vart etter dette, i samsvar med plan- og bygningslovas § 8-4, oversendt Kommunal- og moderniseringssdepartementet. Departementet svarte i brev av datert 18.08.2014 at dei tok planen til orientering.

Plan- og bygningslovas §8-1 seier mellom anna følgjande:

Til regional plan skal det utarbeides et handlingsprogram for gjennomføring av planen.

Handlingsprogrammet skal vedtas av regional planmyndighet og rulleres årlig.

Handlingsprogrammet som no vert lagt fram for dei tre fylkestinga, er ei oppfølging av dette.

Problemstilling

Den regionale planen skisserte i kap.7 ei rekke oppfølgingstiltak. Handlingsprogrammet gjev meir konkretisering av desse og grunnlag for oppstart og iverksetjing av dei ulike tiltaka. Det omfattar følgjande 9 tiltak:

1. Nordfjellarådet
2. Oppfølging av fokusområde
3. Kommunale planoppgåver
4. Friluftsliv og villrein
5. Kvammdalen
6. Vegar og villrein
7. Villreinfokus i vilkårsrevisjonar
8. Dialog med forsvaret om lågtflyging
9. Vidare oppfølging av regional plan for Nordfjella

Handlingsprogrammet omtalar kvart tiltak/prosjekt nærmare med ei kort skildring, aktørar og ansvar, tidsplan og finansiering. Det vert vist til sjølve handlingsprogrammet for informasjon om kvart punkt.

Nokre merknader:

- Etter avslutta planprosjekt står det att 679.000 kroner. Desse vert foreslått disponert som finansiering for fleire av prosjekta i handlingsprogrammet.
- For å realisera nokre av prosjekta, må det også søkjast om økonomisk støtte frå eksterne aktørar. Andre er i første omgang mindre tiltak/initiativ utan direkte kostnader.
- Det ver foreslått kva for instansar som skal ha prosjektansvar og kva for som bør delta i ulike prosjektgrupper. Dette bør kunne justerast noko dersom partane finn betre løysingar ved oppstart. Eit viktig prinsipp er å spreia ansvaret utover og involvera flest mogleg.
- Gjennomføringa av handlingsprogrammet føreset samarbeid og ansvarsfordeling mellom dei ulike partane. Det vert føresett at alle aktørar dekkjer eigen innsats for deltaking i dei ulike delane av handlingsprogrammet.

Eit viktig grep som no vert tatt er å etablera Nordfjellarådet. Dette vil verte ein arena for å kunne følgje opp både planen og dei ulike prosjekta, drøfte det årlege handlingsprogrammet og dessutan være ein arena der kommunane, fylkeskommunane, fylkesmennene, villreinnemnda og villreinutvalet kan drøfte aktuelle spørsmål knytt til fjellområdet.

Samansettinga av Nordfjellarådet vert foreslått i hovudtrekk tilsvarande styringsgruppa for det regionale planarbeidet, men supplert med villreinutvalet. Det vert foreslått å oppnemne ein fylkespolitikar frå kvart fylke som medlem og ein som varamedlem. Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget oppnemner desse nå.

Nordfjellarådet treng eit lite sekretariat som tener rådet og koordinerer oppfølging av tiltakspunkta. Behovet vert vurdert til å vere på omlag 10 % stillingsressurs. Åreg kostnadsramme for dette vert vurdert til å vere

på 90.000 kronar. Etter dialog på administrativt nivå mellom dei tre fylkeskommunane vert det rådd til at dette inntil vidare vert lagt til Buskerud fylkeskommune. Ein føresetnad for dette er at Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune overførar eit årleg bidrag på kr 30.000 kronar til Buskerud fylkeskommune.

Rullering av den regionale planen, når det etter kvart vert aktuelt, vil krevje meir ressursar. Tidspunkt for dette må fylkesrådmenna komme tilbake til i dei regionale planstrategiane.

Dei udisponerte midla frå planprosjekta (679.000 kronar) vil vere dei tre fylkeskommunanes felles økonomiske bidrag til oppstart og gjennomføring av handlingsprogrammet. Med unntak av «spleis» for sekretariatet, vet det ikkje lagt opp økonomiske tilskot på kort sikt. Eventuelle ytterligare prosjekttilstskot må avklaraast i komande budsjett.

Oppsummering

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget i Hordaland vedtek *Handlingsprogram 2013-2016 – Regional plan for Hardangervidda*, datert 20.01.2015. Handlingsprogrammet vert rullert årleg, første gang i 2014.

Etablering av Nordfjellarådet og oppnemning av medlem og varamedlem til rådet er eit viktig grep i oppfølging av planen.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

- Regional plan for Nordfjella 2014-2025